

Elin H. Fanebust  
Lindåsvegen 2088  
5955 LINDÅS

Våge, 10.08.17

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

### Korrigering og imøtegåing av innhold

**Grov uetterrettelag anke fra Harris av 25.07.17: «Klage på vilkår i omgjeringsvedtak»  
Sak 16/1342 - gnr 99/4 Våge**

I klage av 25.07.17 freistar Harris å få omgjort eit vedtak ved hjelp av gjennomgåande usannheiter/ uetterrettelehei. Brevet var sjokkerande lesning, både argumentasjon og konklusjonar må avvisast kontant, med bakgrunn i dei grove feilopplysningar som Harris i sitt brev utgir for «fakta» og som Harris byggjer sine konklusjonar på. Nokre av påstandene er så grove at dei er i kategorien forsøk på bedrageri.

Usannheitene er lette å tilbakevise, noko ein herved vil gjere. Ein vil prøve å gjere det enklast råd ved å først påvise feila kronologisk, og deretter gjere greie for kva det betyr for Harris sine (feil-)konklusjonar.

### KORRIGERING AV FEIL (Sitat Harris i hermeteikn, m/påfølgjande korrigering)

#### side 1 pkt.2

1.avsnitt:

**«Gjengrodd trase».** Feil. Aldri gått nokon trase her. (Var inngjerda innmark/hestebete)

2.avsnitt:

**«Fanebust sitt forslag til veg er vist med blått i kartet under».** Feil. Mitt forslag går kun i utmark, direkte på Eikevik sitt nye tun, (jfr. vedlegg). Dette veit både Fanagro og Eikevik/Harris.

3.avsnitt:

**«planfaglig uehdlig å etablere to parallelle veier».** Feil. Vegane vert ikkje parallelle, dei dannar rimeleg stor vinkel, jfr. vedlagt kartutsnitt.

(Det som derimot **ville bli** parallelle vegar er dersom nordre trase først skulle innom 99/1 sitt tun i U-sving for å deretter gå parallelt tilbake til Eikevik sitt nye tun!).

#### Side 2

3.avsnitt:

**«En omlegging av traseen mot sør ...vil gi en dårligere løsning, både av hensyn til landbruk- og kulturmiljø, samt byggteknisk og økonomisk».** Dette er **direkte** feil. Trase mot sør vil føre til betre løysing: skårar kulturlandskap og innmark optimalt i begge tun, idet den **kun** går gjennom utmark hjå 99/1 heilt fram til grensa og direkte på det nye tunet til 99/4, der Eikevik alt på eiga hand har radert ut både innmark og kulturlandskap. Sørleg trase vil også vere gunstig økonomisk og heilt på høgde byggteknisk, som eg vil kome tilbake til.

4.avsnitt:

**«Fanagro er av den oppfatnig at omsøkte trase gir den beste landbruksmessige løsningen».**

Fagleg heilt uhalbar påstand frå Fanagro. Korleis forsvarer Fanagro dette, når mitt forslag er det som skåner innmark optimalt og samtidig utløyser optimalt den produktive innmarka på 99/4? Det er sør for sin nye bustad produksjonsområdet til 99/4 ligg. Mitt forslag til sørleg trase, knytt opp mot verkeleg, gamal hesteveg, ville utløyse direkte linje frå det grasproduserande området fram til foringshus. Med Fanagro sin trase blir det i staden masse-transport av gras, først gjennom Eikevik sitt nye tun, så via gamletunet, i ein stor og unødvendig omveg fram til foringshus. Denne vegen vil i tillegg gjere uopprettekeg skade på innmark og kulturlandskap.

Sidan det uttalte målet til Eikevik er, sitat: «å dyrke gress», vil nettopp den sørlege trase også vere optimal etter det Harris omtaler som «Vilkåra i den ulovfestede vilkårslæren»; 1) egra til å nå målet 2) nødvendig for å realisere målet og 3) balanse/forholdsmessighet mellom middel og mål. Den sørlege traseen oppfyller alle desse tre vilkåra til fulle. Fanagro opptrer på ingen måte som nøytral part i denne saka, dei er Eikevik sine betalte konsulentar/lobbyistar, dei opptrer for Eikevik og er ikkje nøytrale premissleverandørar til verken kommune eller Harris. I denne saka kan ein i dette brevet også vise at dei driv bevisst skadeleg feilinformasjon ved å setje sitt namn på grove uriktigheiter.

### Side 3

1.avsnitt:

Her brukar Harris eit saksframlegg frå administrasjonen som underbygging. Saksframlegget har vore totalt ukjend for underteikna, var sjokkerande å lese, her ser ein at administrasjonen har fatta vedtak på heilt feile premissar.

Sitat administrasjonen:

*«Vi vurderer at ei alternativ plassering av vegen vil gje større inngrep i det etablerte kulturlandskapet enn ved å oppgradere eksisterande trase. .... Noverande trase har ein tilfredsstillande funksjon. Etter dette kan vi ikke sjå at ein alternativ tilkomstveg vil vere betre for kulturlandskapet».* Faktum: Det er Eikevik/Fanagro sitt framlegg til veg som vil øydeleggje kulturlandskap i begge tun, Fanebust sitt forslag sparer kulturlandskapet i begge tuna. Sørleg trase berører ikkje noko etablert kulturlandskap, går kun gjennom utmark direkte til nytt tun, som kart viser. Vegen kjem inn i nivå i grenselinja, og sidan terrengprofillar enno ikkje er ferdig utarbeidde på 99/4 si side kan vegen her tilpassast og profilerast optimalt med minst muleg skyting (i dette området har forøvrig Eikevik sjølv allereie total-øydelagd kuturlandskapet over fleire mål). **På synfaring 28.06. kom det fram at neverande trase over 99/1 ikkje er funksjonell.** Traseen vil måtte gjennomgå ei så omfattande utviding med skyting og utfylling at det vil få svært negative følgjer for eksisterande kulturlandskap, det vil også setje ein viktig del av innmark på 99/1 delvis ut or spel m.o.t. bruksverdi, og det vil i kraft av sin storlek bli til utilbørleg sjenanse i 99/1 sitt tun. Konklusjon: Administrasjonen si utsegn medfører ikkje riktigheit og er gjort på feil grunnlag, kan under ingen omstende brukast til støtte slik Harris gjer.

2.avsnitt:

*«Fanebust sitt forslag til trase vil medføre betydelig mer sprenging (2.000 m<sup>3</sup> mer) enn omsøkte trase. Dette er både til sjenanse for kulturlandskapet, og det gir en mye dyrere løsning (ca. 600.000,- i differanse)».* Her er løgnene så grove at ein mest ikkje kan tru det ein les, udokumenterte og absolutt hinsides påstandar utan nokon referansar til verkelegheita. Ein går ut frå at Fanagro er premissleverandören her som i resten av brevet, og at det, som tidlegare, er Ove Frotvedt i Fanagro som står ansvarleg for talmaterialet. Dette er den same Ove Frotvedt som 31.01.2017 har gitt oss eit **totalanbod på heile den vegen det er snakk om, ferdig grusa heilt fram til Eikevik si grense, på 200.000,-!!** (Det viser seg seinare at 200.000,- også er for høgt, noko Ove Frotvedt er gjort merksam på. Vi har konsultert to andre entreprenørar, prisen er no nede i 120.000,-). Korleis kan Fanagro hevde at sørleg trase inneber 600.000,- i **meirkostnad** (dvs. at den vil koste det same som **nordre (lengre!) trase pluss 600.000,-**) samtidig som Fanagro sjølv har gitt anbod på **200.000,- for heile sørleg trase ferdig grusa?**

Her er ikkje eingong gjort forsøk på å vere sannferdig. Dette er bedragerisk lureri med tal, i forsøk på å manipulere utfallet i ei sak.

Den andre påstanden, 2000 m<sup>3</sup> **meir** skyting, er i same kategori. 31.januar presenterer Fanagro pris frå sin entreprenør: ferdig grusa veg fram til grensa kr. 200.000,-. Fanagro skreiv i same melding at dei hadde kalkulert sprenging til 800 m<sup>3</sup> (iflg. vår entreprenør vil rette talet vere 250 m<sup>3</sup>!) for å lage vegen fram til 99/4 si grense. Korleis stemmer dette med 2000 m<sup>3</sup> i **meirskyting??** For å illustrere størrelsen på berre 2.000 m<sup>3</sup> (som Fanagro jo hevdar berre kjem på toppen) kan nemnast at 2000 m<sup>3</sup> tilsvarer 220(!) lastebillass med stein, at ein ved å skyte ut desse mengdene i aktuell trase vil lage ei 5 meter brei «canyon» som endar ut 10 meter **under** Eikevik sitt nye bustadhus.

Konklusjon: **Påstand om 2.000 m<sup>3</sup> i meirskyting er grovt uetterretteleg, på same måte som påstand om 600,000,- i meirkostnad.**

Neste påstand: at «**sørleg trase vil vere til sjenanse for kulturlandskapet**» er også grovt feil. **På 99/1 vil sørleg trase ikkje berøre kulturlandskapet**, berre gå gjennom utmark. På 99/4 har Eikevik gjennom si ulovlege graving og skyting dverre gjort slik at det ikkje eksisterer noko kulturlandskap igjen i heile området der traseen kjem ut. Det skulle tale for seg sjølv. Konklusjon: **Sørleg trase er optimal for eksisterande kulturlandskap.**

3.avsnitt:

«**Omsøkte trase vil gi en veg med mindre stigning enn Fanebust sitt forslag (på 12%)**». Ny feilopplysning/feilkonklusjon. Rett tal for sørleg trase: Fallforhold  $\underline{5 : 60} = \underline{1 : 12} = \underline{8,33\%}$ . 8,33% stigning gir akkurat motsett konklusjon, at sørleg trase (altså **mitt** alt.) får **mindre** stigning.

4.avsnitt:

«**Ut fra et plan- og byggfaglig perspektiv er det følgelig verken saklig grunn for eller nødvendig å omlegge traseen**». Akkurat motsatt. Faktum: Her har ein vist ovanfor at det nettopp er både sakleg grunn og nødvendig å velje sørleg trase.

5.avsnitt:

«**..gir tiltakshaver en lenger, brattere, dyrere og mer synlig veg**».

Feil at vegen blir lenger, han blir 51 meter kortare, sjå kart.

Feil at vegen blir brattare, vegen får **svakare** stigning enn brattaste del av nordre trase.

Feil at vegen blir dyrare, han blir billegare. Anbud seier 120.000,- fram til grensa, ferdig grusa.

Kan hende vegen vert litt meir synleg for Eikevik, men det er trass alt han som skal **bruke** vegen.

Det kjennest forholdsmessig meir riktig at Eikevik kanskje ser litt meir av vegen enn at vegen **definitivt** vert til **utilbørleg sjenanse for 99/1**.

5./6..avsnitt:

«**I tillegg vil tiltakshaver måtte gå gjennom en jordskiftesak mot klager for vegen kan opparbeides. Vilkåret som nå omsøkes medfører nemlig at tiltakshaver må flytte vegtraseen bort fra eksisterende trase (hvor han har vegrett) og lenger sør (hvor han ikke har vegrett). Dette medfører at tiltakshaver blir avhengig av å enten få et samtykke fra bnr. 1, eller at han må ta ut søksmål mot Fanebust for å få omskipet (flyttet) vegretten.**» Dette er konstruerte problemstillingar. Eikevik får automatisk vegrett til den nye traseen som blir lagt lenger sør, på same måte som 99/4 fekk automatisk vegrett ved ad hoc-flytting av traseen på 1990-talet til der den ligg idag (bakgrunn var at ferierande på 99/4 ønskte å vere til mindre sjenanse). Hadde ein den gong visst at husa på 99/4 ville bli flytta lenger sør, ville vegen vorte lagt lenger sør. Poenget er det skjedde inga formalisering på 90-talet (jordskiftesak, tinglysing, e.l.), så Eikevik vil automatisk ha **nøyaktig** like sterkt vegrett i den nye, sørlege traseen som no blir etablert. Eikevik har ikkje sterkare vegrett i dagens enn han vil ha i den nye! **Konklusjon: Sørleg trase er heilt likeverdig m.o.t. vegrett. Eikevik får sjølv sagt mitt samtykke til vegrett, og treng ikkje ta ut noko søksmål.**

7.avsnitt:

**«All den tid omsøkte løsning er den beste løsningen både av hensyn til landbruket, kulturlandskapet og byggteknisk, samt at den samsvarer med eksisterende vegrett over bnr. 1, har ikke klager (Fanebust) lovmessig grunnlag til å kreve traseen omlagt.»** Eg har ovanfor vist at sørleg trase er desidert best for kulturlandskap og landbruk for begge brukar, at sørleg trase er vesentleg kortare for 99/4 og på høgde byggteknisk, i tillegg er den likeverdig med omsyn til vegrett. Det er på denne bakgrunn absolutt lovmessig grunnlag for å kreve traseen omlagt.

8.avsnitt:

**«Eikevik ønsker også å presisere at det tidligere har gått en traktorveg i traseen som er markert med gult i kartet på s. 2.»** Feil. Ei ny uetterrettelegheit presentert som «fakta».

1. 99/4 har aldri hatt traktor! 2. **Det har aldri gått veg her i det heile.** Denne grenselinja har alltid vore totalt stengd, først ved murt steingard fram til 1930-talet, deretter ved kombinert gjerde og granhekk. Granane vart fjerna på 80-talet, dei store røtene måtte ein fjerne då ein oppretta hurtigløysinga på ny trase til 99/4 på 90-talet.

8.avsnitt:

**«Traseen er markert i Gårdskart (jf. kartutsnittet under), kartverkets Seeiendom m.v.»**

Kommentar: Samtlege spor som kan sjåast frå fly vert markert inn i slike kart, dei er ikkje vegar med rettigheter av den grunn. I slutten av 80-talet vart det bygd ei hytte søraust for 99/4.

Tiltakshavar spurde, og fekk transportere materialar over 99/1 fram til hytta (utan at han dermed hadde veg eller vegrett!). Det terrenggåande kjøretøyet hans sette spor som sikkert seinare kunne fangast opp frå Kartverket sine fly. Også andre stader på 99/4 finn ein spor i terrenget, etter t.d. ein ATV på vinterføre, det betyr ikkje at det verken går, eller har gått, nokon veg der.

Dersom Eikevik ønskjer å realitetsorientere seg på Våge kunne han snakke med dei som bur her.

#### **Side 4 Påstått manglende grunngjeving**

Harris etterlyser grunngjeving for vedtaket. Underteikna hadde ingen problem med å finne grunngjevinga, som er å lese gjennom sjølv ordlyden: «Tiltaket kan gjennomførast med vilkår av at tilkomstveg over g.nr/b.nr 99/1 ikkje går over jorddekt fastmark eller innmarksbeite, men gjennom skog/utmark». Grunngjevinga er dermed bevaring av innmark og kulturlandskap.

#### **Avslutning**

Som ein har vist i dette brevet er klagen frå Harris grunnleggjande bygd på uetterrettelegheiter med tal og «fakta» frå henholdsvis FanAgro/Eikevik/Harris. Ein kan jo berre tenkje seg kva betydning slik omgang med tal og «fakta» kan ha hatt i muleg lobbyverksemnd inn mot kommunen i forkant av administrasjonen si avgjerd.

I dette brevet har eg lagt fram bevis på at klage frå Eikevik/Harris av 25.07.17 er tufta på grovt uetterretteleg innhald og gjennomgåande feilinformasjon. Eg har vist at konklusjonane i klage frå Harris er feil, og eg har ført prov på at framlegget mitt til ny, sørleg trase er klart det beste alternativet ut frå både omsyn til landbruk, kulturlandskap, økonomi og det byggtekniske. På bakgrunn av det eg har lagt fram i dette brevet, og alle bevisa på grovt uetterretteleg og feilbegrunna innhald i klage frå Harris, krev eg at **klage frå Harris av 25.07.17 må avvisast**, og at Lindås kommune sitt tilføyingsvedtak av 28.06.17 dermed vert ståande ved lag.

Med vennleg helsing

Elin H. Fanebust (elektronisk brev, difor uten underskrift)

